



Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga  
 Sak nr.: 19/593-1

## **Avtale om gjesteelevar mellom Sogn og Fjordane Møre og Romsdal fylkeskommune**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert inngått avtale om gjesteelevar mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane/Vestland fylkeskommune. Avtalen gjeld søkerar frå Vanylven kommune frå og med skuleåret 2019-20. Frå 1.1.2020 går Hornindal kommune over til Møre og Romsdal fylke som del av Volda kommune. Søkerar frå tidlegare Hornindal kommune i Volda kommune vil frå og med skuleåret 2020-21 vere del av gjesteelevavtalen.

Avtalen gir desse søkerane rett til å søke dei vidaregåande skulane i Nordfjord på same vilkår som søkerar frå Sogn og Fjordane/Vestland.

2. Det vert inngått avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om at søkerar frå Hornindal kommune får rett til å søkje vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal skuleåret 2019-2020, same vilkår som søkerar frå Møre og Romsdal.

### **Vedlegg:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **2. Bakgrunn for saka**

Våren 2018 kontakta fylkesdirektøren for opplæring i Møre og Romsdal fylkesdirektøren for opplæring i Sogn og Fjordane, med ønske om å få til ein avtale som sikrar at elevar frå Møre og Romsdal kan søke vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.(Gjesteelevavtale) Elevar frå Hornindal kommune utløyste spørsmålet, då Hornindal kommune går over til Møre og Romsdal frå 1.1.2020. I tillegg er det ønske om at avtalen også kan omfatte elevar frå Vanylven kommune. Hærøy vidaregåande skule, avdeling Vanylven, vart foreslått nedlagt i fylkesrådmannen si tilråding til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. Fylkestinget vedtok at skulen ikkje skulle leggast ned, men dersom det blir svak søkinga til skulen, er det mogeleg at tilboda ikkje vert sette i gang hausten 2019.

Det er også ønske frå Møre og Romsdal fylkeskommune at elevar frå Hornindal kommune skal få søke til Møre og Romsdal, eit skuleår før kommunen blir del av Volda kommune i Møre og Romsdal. For å gjere det ryddig er det utarbeidd to avtalar, ein avtale som regulerer søkerar frå Vanylven og tidlegare Hornindal (del av Volda) sin rett til å søke i Sogn og Fjordane/Vestland fylkeskommune og ein avtale som gir elevar frå Hornindal rett til å søke i Møre og Romsdal skuleåret 2019-20.

### **2. Forventa tal elevar som avtalane vil omfatte**

Skuleåret 2017-18 gjekk 14 av 20 vg1 elevar frå Hornindal ved Stryn og 3 elevar ved Eid vidaregåande skular. Inneverande år går 13 av 21 ved Stryn vidaregåande skule og 5 ved Eid vidaregåande skule.

Tal avgangselevar frå Vanylven kommune våren 2017, -18 og -19 er 43,31, og 37 elevar. Hærøy vidaregåande skule, avdeling Vanylven har vore nedleggingstrua over tid. Skulen har vg1 studiespesialisering, vg1 teknikk og industriell produksjon og vg1 helse og oppvekstfag og vg2 helsearbeidararfag. Plasstalet på skulen er om lag 60 plassar. Sidan tilbodet ved skulen har vore smalt, må ein rekne med at mange av elevane frå Vanylven går ved dei andre skulane i fylket.

### **3. Kommentarar til gjesteelevtale - avtale om søkerar frå Vanylven kommune og tidlegare Hornindal kommune til Sogn og Fjordane/Vestland fylkeskommune**

Punkt 1 regulerer kven som er omfatta av avtalen og kva rettar dei har ved søking til vidaregåande opplæring .

Avtalen gjeld søkerar som har ungdomsrett i heimfylket. Gjesteelevane skal handsamast på like vilkår med fylkeskommunen sine eigne søkerar, og konkurrerer på linje med desse. Avtalen slår fast at det er i heimfylket søkeren har skuleretten, og dersom gjestesøkarane ikkje får plass i nabofylke er det heimfylke som har plikt til å oppfylle opplæringsretten.

Punkt 2 avgrensar avtalen til å gjelde inntak etter opplæringslova § 3-1. Avtalen omfattar ikkje inntak av vaksne etter opplæringslova §4A-1.

I punkt 3 og 4 i avtalen går det fram at det er Sogn og Fjordane som tek i mot søknaden på sin Vigo og gir melding om inntak/venting, medan det er Møre og Romsdal som skal kunngjere opplæringstilbodet og søknadsfrist.

Sidan søkeringa til skuleåret 2019-20 er i gang, søker elevane via heimfylket sin Vigo i år, sidan dei ikkje får tilgang til skuletilbodet i skulefylket. Dette gjeld elevar omfatta av begge avtalene.

Punkt 5 seier at fylka skal samarbeide om å fremje søkering til yrkesfag, næringslivet i grenseområda rekrutterer fagarbeidrarar frå begge fylka.

Av punkt 6 går det fram at ein er samde om å nytte KS sine satsar ved refusjon av utgiftene.

Punkt 7 regulerer grunnlaget for spesialundervisning og utgiftene knytt til dette. I punkt 8 går det fram at skulefylke leverer PP-tenestene og fattar enkeltvedtak for gjesteelevar med spesialundervisning. Utgiftene vert fakturerte frå PP-kontora.

I punkt 9 står det at det er heimfylke som skal betale skyssutgifter, det er i samsvar med §10.1 i forskrift til opplæringslova.

I punkt 10 står at avtalen kan seiast opp av begge partar med eitt-1- års varsel.

### **4. Kommentarar til gjesteelevtale - avtale om søkerar frå Hornindal kommune til Møre og Romsdal fylkeskommune**

Denne avtalen gjeld berre for skuleåret 2019-20, før Hornindal kommune blir del av Volda kommune frå 1.1.2020. Avtalen gir elevar frå Hornindal kommune høve til å söke til Møre og Romsdal. Avtalen er lik den første med unntak av at det her er Sogn og Fjordane som står for informasjonen, det vert sökt via vår Vigo, også her fordi søkeringa allereie er i gang.

Avtalen har ikkje punkt om oppseiing, sidan den berre gjeld for skuleåret 2019-20.

### **5. Vurderingar og konsekvensar**

Talet avgangselevar i Sogn og Fjordane blir redusert med om lag 20 per år når Hornindal kommune skiftar fylke. Om avgangselevane frå Hornindal vil söke seg til Stryn/Eid eller skular i Møre og Romsdal (Volda) ved overgang til nytt fylke er usikkert, men truleg vil dei fordele seg mellom fylka dersom vi legg til rette for det gjennom avtalar fylka mellom.

Fylkesdirektøren vil i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune kome tilbake med overgangsordningar for elevar frå Hornindal som har starta på skule i Sogn og Fjordane fylkeskommune før Hornindal kommune blir del av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Møre og Romsdal sin grunngjeving for ønske om gjesteelevavtale for Vanylven er å gje elevane større valfridom. For mange søkerar vil det være om lag like langt til skulane i Nordfjord som til andre skular i heimfylket. Sidan det har drege ut i tid med gjesteelevavtale har fylkesdirektøren for opplæring i Møre og Romsdal opplyst elevane frå Vanylven at dei også kan söke til Sogn og Fjordane. Dei er informerte om at handsaming av søknadane er avhengig av vedtak om gjesteelevavtale.

Fylkesdirektøren meiner at vi bør vere opne for at elevane frå Hornindal kan søke til Møre og Romsdal til skuleåret 2019-20, der dei i utgangspunktet vil ha ungdomsretten frå skuleåret 2020-21.

## **6. Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at vedlagte avtalar om gjesteelevar mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane/Vestland fylkeskommune blir vedteke.